

Store forskjellar



GÅR GODT: Takka vere store besøkstal har Norsk Natursenter i Eidfjord klart seg bra sidan oppstarten for 23 år sidan. (Foto: Norsk Natursenter).

– Mange besøkssenter slit med økonomien. Det må eigarane gjera noko med.

Orda er Oddvar Brakestad sine. Han er direktør i Norsk Natursenter i Eidfjord, dessutan leiar for organisasjonen AN, Autoriserte Besøkssentre Norge. AN er ei foreining for alle dei 28 besøkssentera i landet, inkludert for Besøkssenter nasjonalpark Folgefonna, som er ein del av Folgefonnssenteret. Brakestad seier at det er store forskjellar på dei ulike sentera, både når det gjeld attraksjonsverdi, ressurstilgang, driftsform og typen besøkande. Kvifor Folgefonnssenteret slit, vil han ikkje gjera seg til «forstå seg på-ar» på, men minner om at fleire senter har kome skeivt ut som følge av urealistisk budsjettering for inntekter og utgifter.

– Mange av sentera toler ikkje langsiktig gjeld og husleigekostnader. Desse treng årlege driftstilskot frå eigaren, seier han.

Godt besøkt

Senteret i Eidfjord er òg eigd av kommunen, men vert drifta av eit eige aksjeselskap. Drifta går bra. – Vi får ikkje andre faste tilskot enn den årlege millionen som kjem frå Miljødirektoratet, og har måtta greidd oss med det. Kommunen er innimellom inne på store investeringar, men stort sett har driftselskapet klart å finansiera både vedlikehald og fornying i senteret på andre måtar, fortel Brakestad.

Senteret har ei gjeld på 13,8 millionar, utan at lånegjelda skapar driftsproblem for senteret, ifølgje direktøren. Forklaringa på det ligg hovudsakleg i det store besøkstalet senteret i Eidfjord har. Kwart år løyser ein stad mellom

55.000 og 63.000 personar billett. Det blir noko anna enn dei rundt 6.000 som besøkjer Folgefonnssenteret årleg.

– Forskjellen i besøkstalet kan nok langt på veg forklarast med at Hardanger generelt har større kapasitet til å ta imot turistar, og også større turiststraum, enn Rosendal og Kvinnherad har, trur Brakestad. Målgruppa i Eidfjord omtalar direktøren som «nasjonalt og internasjonalt reisande». Eit stort tal turoperatørar for bussturar har lagt inn stopp i Norsk Natursenter i Eidfjord. Nokre kjem frå cruisebåtar som ligg til kai i Eidfjord, andre kjem andre stader frå.

Trass i at Folgefonnssenteret ligg mindre sentralt til enn Eidfjord i høve til turiststraumen, har Brakestad likevel tru på ei god utvikling. – Folgefonnssenteret er eit fagleg kvalitetsprodukt som er verdt å besøkja.

Vil ha kommunen på banen

– Det er direkte pinleg at ein ikkje i større grad har hjulpet Folgefonnssenteret.

Svein Ingvald Opdal, kommunen sin tidlegare prosjektleiar for Folgefonna Nasjonalpark og nasjonalparksenteret, er klar i talen når det gjeld vegen vidare for Folgefonnssenteret.

– Kommunen må på banen. Årleg går det ut mange kroner til organisasjonar av ulike slag, til dømes Samarbeidsrådet og Kvinnherad Næringservice. Det er direkte pinleg at ein ikkje i større grad har hjulpet Folgefonnssenteret, som kommunen faktisk eig sjølv. Lånet må slettast og årlege bidrag må til, hevdar Opdal.

Han er rimeleg fornøgd med Folgefonnssenteret slik det er blitt. Den tredelte utstillinga synest han er ei god løysing saman med turist-



KLAR TALE: Svein I. Opdal, tidlegare kommunal prosjektleiar for Folgefonna Nasjonalpark, meiner kommunen må trø til for å redde Folgefonnssenteret.

kontoret og kontor- og undervisningsdelen.

– Eit godt konsept med potensi-ale. Men det er ein del å gjera på marknadsføringssida for å auka aktiviteten. Det bør òg leggjast langt betre til rette for at skuleklassar kan koma hit, for eksempel ved å tilby gratis transport frå alle dei fem kommunane som er involverte, meiner Opdal, som ser at det er vanskar med å auka aktiviteten utan tilsette.

– Folgefonnssenteret treng ein dagleg leiar med rett kompetanse for å få sving på aktiviteten. Kommunen er den rette til syta for at det kan skje. Havbruksfondet kan vera ein rett plass å ta pengar frå, hevdar Opdal, som no nyt livet som pensjonist.

Ros til sent

– Oppsiktsvekkjande omtale av eit godt samarbeidsprosjekt.

Havforskar Øystein Skaala i Havforskningsinstituttet (HI) går langt i kritikken av media – med særleg adresse til Kvinnheringen. I tankane har han det som stod på leiarplass i mai i fjor, då det vart kjent at rådmann Odd Ivar Øvregård gjekk av fordi ein avtale om å ta over Folgefonnssenteret sitt lån på nesten 6 millionar vart signert før politisk behandling. I denne samanhengen vart Folgefonnssenteret omtalt som «verkebyll».

– Kvinnheringen, som er ein viktig informasjonskanal for mange kvinnheringar, har med denne omtalen truleg ikkje bidratt positivt til utviklinga av Folgefonnssenteret. Dette er ein oppsiktsvekkjande omtale av eit samarbeidsprosjekt, godt initiert og organisert av Kvinnherad kommune, og der fylkeskommune, næringsliv, Miljødirektoratet, leiande forskingsmiljø og nabokommunar har gått saman og bidratt med rause gåver og stort engasjement for å løfta fram eit einestående prosjekt for Kvinnherad, refsar Skaala.



– *Kvinnheringen, som er ein viktig informasjonskanal for mange kvinnheringar, har med denne omtalen truleg ikkje bidratt positivt til utviklinga av Folgefonnssenteret.*

Øystein Skaala
Havforskar i Havforskningsinstituttet

– Treng tid

Havforskaren tonar ned konfliktnivået internt i styret, og har tru på at Folgefonnssenteret har framtida for seg.

– Eg kjenner ingen natur-/formidlingssenter som har gått i full aktivitet og inntening frå dag éin. I ein innkøyringsprosess må det mykje marknadsføring til, og det er viktig at alle snakkar opp og løftar fram prosjektet. Forslaget om at Kvinnherad kommune overtar lånet er godt. Det hadde letta det økonomiske trykket på senteret, utan at det hadde påført kommunen kostnader, hevdar Skaala.

Profilering

Direktøren i HI, Sissel Rogne, støttar Skaala langt på veg.

– Eg ser at lokalpressa har stor interesse for Folgefonnssenteret og er på jakt etter negative ting og konflikhtar. Det er vesentleg for suksess at folk får lyst til å besøka ein slik stad, og det må vi jobba saman om med iver og entusiasme, meiner direktøren.

Rogne stadfestar at ho går inn i styret i staden for havforskar Øystein Skaala, dersom det er ønskeleg. På spørsmål om kva ho meiner bør gjerast, seier ho dette:

– Ein av dei viktige tinga for eit nytt opplevingscenter er å få til ei god profilering, der ein får fram kor flott og interessant dette senteret er.

Ulike oppfatningar

– Det er blitt eit fantastisk flott senter, men ikkje så bra som ein ønskte seg. Det er færre

Senteret – refs til pressa



SKUFFA: – Kvinnherad sit i «dødens posisjon» med omsyn til økonomien til Folgefonnsenteret, skriv Kvinnheringen på leiarplass i mai 2018. Øystein Skaala meiner dette har bidratt negativt til utviklinga av senteret.

besøkande enn estimert, og ein del krevjande saker og støy i media har vore vanskelege å handtera i styret. Eg trur også styrerepresentantane har hatt litt ulike oppfatningar av korleis senteret skal drivast og kva profil det skal ha, seier direktøren for Bjerknessenteret, Tore Furevik.

Furevik meiner det vil vera synd om senteret strandar av økonomiske årsaker.

– Det er viktig at ein klarer å dra fleire turistar til senteret, men det er vel så viktig at vi får bedrifter i regionen til å bruka senteret, og kommunane rundt bør sørge for at alle skuleklassar kan komma og oppleve senteret, meiner Furevik er oppskrifta for Folgefonnsenteret vidare.

Han trur det er rett at styremedlemene vert erstatta med representantar frå toppnivåa.

– Utsiftinga skal styrka senteret og er ikkje eit resultat av misnøye med dei som har gjort jobben før, strekar Furevik under.

Ro og støtte

Den tidlegare prosjektleiaren, Arve Opsanger, meiner òg arbeidsro er det som skal til.

– Folgefonnsenteret er eit flott bygg med eit flott innhald. Senteret skal vera ein arena for kunnskapsformidling, forskning og oppleving. Håpet er at Folgefonnsenteret får ro til å utvikla dette grunnlaget, og at Kvinnherad kommune også i framtida tar ansvar for at dette blir mogleg, meiner Opsanger.

– Temperatur må til for å koma vidare

Ivar Baste meiner at meiningsbrytningar er både sunne og nødvendige.

Baste var tilsett som dagleg leiar i Folgefonnsenteret i halv stilling frå oktober 2017 til januar 2019. Han sa opp stillinga av personlege grunnar, seier han, for å konsentrera seg om den andre halve stillinga si, som er seniorrådgivar i Miljødirektoratet.



OPTIMIST: Folgefonnsenteret er ein spennande og framtidsretta konstruksjon, seier den tidlegare daglege leiaren, Ivar Baste.

– Å kombinera to stillingar var givande, men vart for krevjande. Ein vanskeleg økonomi i stiftinga bidrog til det. I arbeidet med økonomien vart eg særleg overraska over kor langt inne det sat å få fullfinansiert klimadelen av utstillinga, og å få den politiske leiinga i kommunen med på å gi senteret eit lån, vedgår Baste.

Baste seier vidare at han ikkje kjenner seg igjen i at det skal ha vore så konfliktfylt i styret.

– Det er heilt naturleg og sunt med fleire meiningar i eit styre. Ulne og udefinerte konflikter er ikkje bra for eit senter som treng publikum og investeringar. Når Kvinnheringen til dømes på leiarplass karakteri-

serte senteret som ein «verkebyll» som truleg er på veg til å bli eit tapsprosjekt for kommunen, så kan det lett gå troll i ord, hevdar Baste.

Baste seier at han heller ønskjer seg ein meir open diskusjon om korleis senteret best kan bidra til å vega omsyna til natur, klima, samfunn og næringsliv opp mot kvarandre.

– Konstruksjonen med spennande fagmiljø, undervisning og næringsliv, kombinert med turistinformasjon, er framtidsretta, og posisjonerer senteret som ein attraksjon og aktør i arbeidet med den stadig viktigare grøne omstillinga i samfunnet.

Utfordrar kommunen

Baste er glad for at ordføraren har tatt på seg vervet som styreleiar i stiftinga.

– Kommunen har gjort store investeringar, men har fått endå meir tilbake frå stat, fylkeskommune og næringsliv. Politikarane må no gjera sitt for å følgja opp stiftinga sin finansieringsplan, slik at ein sikrar investeringane frå skattebetalarar og næringsliv. Her har ein ikkje tid til å somla, hevdar den avgåtte daglege leiaren.

– Kva må elles til for å få økonomien på fote?

– Senteret treng meir aktivitet, for eksempel når det gjeld undervisningsopplegg og samarbeid med næringslivet, men då treng ein midlar og tilsette, slik forslaget om å gjera senteret til ein pilot for gjennomføringa av FN sine berekraftsmål legg opp til.

– Kva med ein innsats for å få fleire turistar hit?

– Det trengst også, men Karen (Løvfall) på turistinformasjonen har alt gjort ein fantastisk jobb med å marknadsføra senteret viktige stader. Auka innsats kostar og gir ikkje automatisk meir besøk. Samtidig må ein hugsa at det tar tid å innarbeida eit slikt senter i reiselivsmarknaden, seier Baste.

– Har du tru på at senteret vil klara å nå måla?

– Eg har veldig stor tru på Folgefonnsenteret. Kvinnherad har, saman med Havforskningsinstituttet, Bjerknessenteret og dei andre kommunane som forvaltar Folgefonna nasjonalpark, gjort ein strålende jobb. Senteret har eit stort potensiale til å bli ein viktig arena for samarbeid om det grøne skiftet.